

# Sandnes barnehage

## Plan for trafiksikker barnehage



## Om barnehagen

Sandnes barnehage er ein tre-avdelings barnehage lokalisert på Masfjordnes i Masfjorden. Barnehagen har 31 barn og 11 tilsette. I nabolaget rundt barnehagen finn vi Sandnes skule, Masfjorden kommunehus, ferjesambandet Masfjordnes-Duesund, omsorgsbustadar, nærbutikk, samt bustadbebygging. Fylkesveg 570 går langs barnehagen og ved stengde tunnelar/ras ved E39, går omkøyning gjennom bygda. Det er også ein del kommunale vegar i området og det er fylkesvegen og dei kommunale vegane barnehagen nyttar når vi bevegar oss rundt i nærmiljøet rundt barnehagen.

Føresette køyrer barna sine til og frå barnehagen. Nokre barn kjem og reiser heim med buss, gjerne følgt av søsken. Dette vert avtalt dag for dag med barnehagen. Busstoppet ligg langs fylkesvegen 570, om lag 100 meter frå nedkjørsel til barnehagen. Bussjåfør og føresette har ansvar for å sikre barnet på bussen.

Målet er at Sandnes barnehage skal bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i trafikken gjennom det daglege arbeidet. Barnehagen skal bidra til at barna får grunnleggjande kunnskap om korleis ein skal opptre som fotgjengar i trafikken, og drive førebyggjande tryggingarbeid som minskar risiko for skader og ulukker.

I samarbeid med føresette skal vi syte for at levering og henting i barnehagen skal føregå på ein trafiksikker måte.

Denne planen inngår som ein del av barnehagen sin årsplan.

Innhaldet i denne planen er forankra i Forskrift om miljøretta helsevern, Folkehelselova og Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

## Kriterier for trafiksikker barnehage

For å få kvalitetsstempelet Trafiksikker barnehage, må barnehagen oppfylle følgjande kriterier:

- Trafikkopplæring vert integrert som del av årsplanen til barnehagen
- Barnehagen stiller krav til busselskap og drosjer om belte og trafiksikker åtferd ved kjøp av transport-tenester
- Dei tilsette kjenner rutinane for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på turar
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots og med bil eller kollektivtransport
- Barna lærer trafikkreglane for fotgjengarar
- Barna lærer å bruke sansane sine i trafikken

- Barna lærer å bruke bilbelte, sykkelhjelm og refleks
- Barnehagen har rutiner for å ivareta tryggleiken til barna ved parkeringsplassen og porten til barnehagen. Rutinane vert gjennomgått årleg med føresette og tilsette
- Barnehagen oppfordrar føresette til å sikre barna på veg til og frå barnehagen
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring er årlege tema på foreldremøte

## Førebyggjande arbeid i barnehagen

Barnehagen har pedagogiske opplegg om trafiksikkerheit, som t.d. Tarkus, Naffen og Barnas trafikkklubb, og nyttar desse i temaarbeid i løpet av året.

Kvar gong vi er på tur, snakkar vi med barna om kva som er viktig å hugse på når vi er i trafikken.

Vi har ein årleg gjennomgang av Bedreskapsplan for barnehagane i Masfjorden for å sikre at tilsette er kjende med rutiner knytt til hendingar, ulukker og skader som kan oppstå, og korleis ein skal forhalde seg i trafikken.

## Trafikktryggleik på tur

- Dei tilsette har med mobiltelefon
- Har på refleksvestar
- Går saman to og to
- Ein vaksen fremst og ein bakerst
- Turansvarleg har til ei kvar tid oversyn kor mange barn som er med, og kvar dei er
- Går på venstre side langs bilveg, eller på fortau
- Sjå til begge sider før vi kryssar vegen

## Kollektivtransport

- Føresette har signert på løyveskjema knytt til turar i buss og drosjer
- Det skal berre nyttast bussar og drosjar med trepunkts selar
- Sikre barna på best mogeleg måte med sikringsutstyret som er i bussen eller drosja
- Barnehagen har kjøpt inn bilputer med rygg som kan nyttast ved turar med buss/drosje
- Føresette tek med bilstol til eige barn som dei festar i bil eller buss, eller dei instruerer personalet om korleis det skal festast
- Turansvarleg har til ei kvar tid oversyn på at alle barna er med, og kvar dei oppheld seg
- På- og avstiging skjer under kontrollerte og sikra tilhøve

## Foreldre og føresette si rolle i trafikktryggingsarbeidet

Barnehagen tek ansvar for at trafikktryggleik vert tema på foreldremøte årleg.

Barnehagen har desse forventningane til føresette:

- At barna er forskriftsmessig sikra i bil
- At dei lukkar porten etter seg
- At føresette går først ut porten ved henting

## På parkeringsplassen

- Om mogeleg, rygg inn på parkeringsplassen
- Ta med nøklane når du går frå bilen – bilen skal ikkje stå på tomgang utan vaksne i bilen

## På barnehagen sitt uteområde

- Porten skal alltid vere lukka!
- Dei vaksne, anten personale eller føresette i følge med barn, skal alltid gå først ut porten
- Når barn og tilsette er ute på området i hentesituasjonar, må ein av dei tilsette ha tilsyn med porten for å sikre at barn ikkje kjem seg usett gjennom porten. Når mange kjem og går samstundes kan det vere fort gjort å smette unna
- Personalet er medvitne og merksame på kvar barna oppheld seg, og at barna ikkje går ut frå barnehagen sitt område

## Personalet si rolle i trafikktryggingsarbeidet

- Vere gode rollemodellar og følge Masfjorden kommune sine retningslinjer for tilsette i høve trafiksikker kommune
- Sjekke at portane er stengde før barna får gå ut
- Halde seg oppdatert på barnehagen sin beredskapsplan – denne vert gjennomgått i fellesskap årleg
- Nytilsette og vikarar får opplæring i barnehagen sitt trafiksikringsarbeid
- Dersom det skjer avvik i høve til sikring av barn i bil eller på sykkel ved bringing eller henting, tek personalet dette opp med dei det gjeld